

Høyringsinnspele

Kommentarar til Mål for utviklinga i Kinn kommune sin Samfunnsplan

1. Delmål: **Vi har bærekraftige og attraktive reisemål**

Visit Fjordkysten og Sunnfjord er positive til å leie arbeidet med etablere og fasilitere ei reisemålsleiring i Kinn kommune.

Ettersom Florø-delen og Måløy-delen av kommunen har så stor geografisk avstand, samt at cruisesatsinga i Måløy krever ei noko annleis tilnærming til reiselivsutviklinga vil dette arbeidet måtte foregå i to ulike fora.

Dette er eit utvida oppdrag til destinasjonsselskapet som vil kreve auka bruk av ressursar, noko som må gjenspeilast i bidraget / tilskotet frå kommunen.

2. Hovudmål: **Næringslivet og kommunen har kompetanse, arbeidsplassar og arbeidskraft som effektiviserar og sikrar lokal verdiskaping og utvikling**

Visit Fjordkysten og Sunnfjord er positive til å delta i eit strukturert samarbeidsfora for å ivareta rammevilkåra til næringslivet.

3. Hovudmål: **Saman bygger vi levande distrikt og levande urbane byar**

Visit Fjordkysten og Sunnfjord er positive til at det etablerast eit samarbeid kring næringsutvikling av dei kreative næringane, reiseliv og handel.

Hovudmål

Det er gode infrastrukturløysingar som gjer føreseielege kostnadane for kommune, innbyggjarar og næringsliv.

Delmål

Vi har bærekraftige og attraktive reisemål

Ein viktig strategi er å ha ei god besøksforvaltning. Dette innebærer å utvikle og nytte ulike verktøy å førebygge og unngå uønskte konsekvensar av besøk på naturmiljø, kulturmiljø og/eller lokalsamfunn og auke den sosiale, kulturelle, økonomiske og miljømessige verdiskapinga av besøk (henta frå NOU 2023:10 Leve og oppleve – Reisemål for en bærekraftig fremtid)

- Vi utvikler god infrastruktur knytt til viktige reisemål i samarbeid med andre; td. Hamneselskapa, Visit Fjordkysten og Sunnfjord, andre næringsaktørar.
- Vegkart for reiselivet i Fjordkysten og Sunnfjord 2025-2030 blir lagt til grunn for utarbeiding av besøksstrategi for Kinn kommune.

Oppdrag

Vi etablerer reisemålsleiring for Kinn kommune

Vi etablerer ei breitt samansett reisemålsleiring for Kinn kommune. Visit Fjordkysten og Sunnfjord leier dette arbeidet, og ser det i regional kontekst.

- Det blir utarbeidt eit aktørkart. Reisemålsleiinga bør bestå av deltararar frå privat, offentleg og frivillig sektor
- Reisemålsleiinga skal saman utarbeide mål, strategiar, og prioriteringar for utviklinga av reisemålet basert på kommunen sin samfunnsdel og Vegkart for reiseliv Fjordkysten og Sunnfjord 2025-2030.
- Næringsutvikling, besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling skal sjåast i samanheng.

Kommentar

Visit Fjordkysten og Sunnfjord er positive til å leie arbeidet med etablere og fasilitere ei reisemålsleiring i Kinn kommune.

Ettersom Florø-delen og Måløy-delen av kommunen har så stor geografisk avstand, samt at cruisesatsinga i Måløy krever ei noko annleis tilnærming til reiselivsutviklinga vil dette arbeidet måtte foregå i to ulike fora.

Dette er eit utvida oppdrag til destinasjonsselskapet som vil kreve ei auka bruk av ressursar, noko som må gjenspeilast i bidraget / tilskotet frå kommunen.

Hovudmål

Næringslivet og kommunen har kompetanse, arbeidsplassar og arbeidskraft som effektiviserar og sikrar lokal verdiskaping og utvikling

Oppdrag

Vi har eit strukturert samarbeidsforsa for å ivareta rammevilkåra til næringslivet.

Kommunedirektøren fasiliteterer minimum fire årlege møter, med selskapa Måløy Vekst, Aksello, Hub for Ocean, Florø industri og næringsforening, Visit Fjordkysten og Sunnfjord, Byen vår Florø og Måløy byforening. Selskapa og kommuneadministrasjonen har eit felles ansvar for å sikre god kommunikasjonsflyt til ei kvar tid.

Kommentar

Visit Fjordkysten og Sunnfjord er positive til å delta i eit strukturert samarbeidsforsa for å ivareta rammevilkåra til næringslivet.

Hovudmål

Saman bygger vi levande distrikt og levande urbane byar

Oppdrag

Vi etablerer samarbeid for utvikling av kreative næringar, reiseliv og handel

Vi etablerer samarbeid kring næringsutvikling av dei kreative næringane, reiseliv og handle. Aksello fasilitetet dette ved hjelp av nettverksarbeid og strategisk bruk av verkemiddelapparatet for heile kommunen.

Kommentar

Visit Fjordkysten og Sunnfjord er positive til at det etablerast eit samarbeid kring næringsutvikling av dei kreative næringane, reiseliv og handel.